


Detaljregulering for Haukåsen næringspark - gbnr. 690/24 og 25 - hydrogenanlegg

(PlanID 2024008365, arkivnr. 24/8365)



Uttalelser i forbindelse med behandling av innsigelser

etter høring og offentlig ettersyn.

Innhold:

1. Møre og Romsdal Fylkeskommune, brev datert 28.02.2025
Innsigelse trukket
2. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, brev datert 11.11.2025
Innsigelse opprettholdt
3. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, brev datert 12.11.2025
Innsigelse trukket



Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 Ålesund

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/16559 - 25/138834	Björn Gregull -	28.08.2025

Ålesund kommune - detaljregulering - reguleringsplan - hydrogenanlegg på Haukåsen næringspark - gbnr 690/24 og 25

Vi viser til vår fråsegn til reguleringsplanen datert 02.07.2025.

Møre og Romsdal fylkeskommune fremja motsegn på grunn av manglande arkeologiske undersøkingar som vart sette som vilkår etter varsel om oppstart.

Kulturavdelinga i fylkeskommunen har gjort ei ny vurdering av kravet og kome til konklusjonen at det ikkje blir oppretthalde. Arkeologisk registrering er ikkje naudsynt for eigengodkjenning av planen.

Møre og Romsdal fylkeskommune **trekkjer motsegna** mot planforslaget, fremja i fråsegna 02.07.2025.

Planen kan eigengodkjennast av kommunen, så lenge vilkår og krav i vår fråsegn blir tekne omsyn til.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Björn Gregull
fagleiar kommunal
planlegging

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



ÅLESUND KOMMUNE

Postboks 1521

6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Ålesund kommune

Gnr690 bnr24 og gnr690 bnr25 - detaljregulering - Haukåsen næringspark - 2024008365

Uttale til førespurnad om trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Statsforvaltaren hadde ved høyring, motsegn til forslag til detaljregulering for Haukåsen næringspark, der målsettinga med planarbeidet er å legge til rette for etablering av produsjonanlegg for hydrogen i Haukåsen næringspark. Motsegna var grunngjeve i manglande avklaring av verknadar for natur og miljø frå spillvatn frå hydrogenproduksjonen.

Natur- og miljøvern

Statsforvaltaren etterlyste i uttale av 27.06.2026, nærare informasjon om kva restar som blir att etter hydrogenproduksjon og korleis desse evt. planleggast handsama. Vårt fokus gjeld særleg verknader for natur- og miljøkvalitetar og økologiske tilhøve.

I oversending frå Ålesund kommune til statsforvaltaren 25.09.2025, har Norconsult gjort nærare greie for produksjonsprosessen. Vi har gjort ei ny vurdering ut frå desse opplysingane.

Ut frå Norconsult sitt notat går det fram at det i produksjonsprosessen oppstår restvatn i to straumar i samband med vassbehandling før elektrolyse. Ein kontinuerleg straum frå reversert osmose (RO) med alle naturlege ionar i konsentrert form, og ein mindre, periodisk straum frå regenerering av ionebytaren, som utførast med saltlake. Saltlaken er i utgangspunktet 100 l/48 time og 10% saltkonsentrasjon. Saltlaken skal tynnast ut. Restvatnet frå begge trinna planleggast sleppt ut i Løkenbekken. Ut frå at Løkenbekken ikkje er kartlagd med særskilt verdi og jf. Vannett har god økologisk tilstand, konkluderer Norconsult med at planlagd utslepp ikkje vil påverke vassmiljø og naturmangfald.

Statsforvaltaren er ikkje samd i at manglande kartlegging av Løken-bekken utan nærare avklaring gir svaret «utan særskilt verdi». Sårbarheit for ein vassførekomst skal vurderast både etter naturmangfaldlova og vassforskrifta. Av naturmangfaldlova §6, går det fram at ein kvar skal opptre aktsamt og unngå å skade naturmangfaldet. Vidare går det fram av nml §7, at prinsippa som går fram av §§ 8- 12, skal leggst til grunn ved utøving av all offentleg myndigheit. Det må gå fram av planomtale og saksutgreiing korleis prinsippa i §§ 8-12 i lova er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av tiltaka.

Ein er ikkje kjend med verdiane i bekken, og kan dermed ikkje påvise verknadane for naturmangfald frå utslepp av vatn med saltinnhald og oppkonsentrert mengde av næringsstoff. Vassmiljø har generelt stor verdi i lokale økosystem og er samstundes sårbare for påverknad. Mindre vassdrag er leveområde for ulike planter og dyr, og inneheld vanlegvis verdifullt naturmangfald som bidreg til viktige økosystemtenester. Det synest unødvendig å belaste vassmiljøet i Løkenbekken med planlagd utslepp. Statsforvaltaren **opprettheld motsegna** knytt til verknad for vassmiljø i Løkenbekken inntil problemstillinga er tilstrekkeleg avklart.

Vassførekomst

Planframlegget berører vassførekomst Sjøholt, med kvantitativ tilstand god og kjemisk tilstand ukjend. Vi minner om miljømåla i vassforskrifta §§4-7, der det går fram at vassførekomstane skal beskyttast mot skade og forbetrast og gjenopprettast slik at dei har minst god tilstand.

Verknaden frå planlagd belastning av ferskvassmiljøet over tid er ikkje avklart. Tiltaket er slik det er framlagt, aktuelt for krav om utsleppsløyve etter forureiningslova. Vatn med saltinnhald skal ikkje leiast til ferskvassmiljø, men til dømes leiast til sjø via overvassleidning eller handsamast på anna alternativt vis. Vi gjer merksam på at løysing med kopling til avløpsanlegg ikkje er ønskjeleg, då salt kan øydelegge for reinsing (jf. framtidige reinsekrav).

Konklusjon

Statsforvaltaren **opprettheld motsegna** til planframlegget, inntil problemstillinga er tilstrekkeleg avklart og ferskvassmiljøet i Løkenbekken er sikra mot forureinande utslepp gjennom alternativ løysing for handsaming av restvatn frå produksjonsprosessen.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandler

Natur- og miljøvern:

Forureining:

Mathias Høgseth Strømmen, tlf. 71258548

Gunnhild Liva Austvoll, tlf. 71258512

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Postboks 2500

Postboks 5091 Majorstua

Postboks 2014

6404 Molde

0301 OSLO

3103 TØNSBERG



Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Ålesund kommune

Detaljregulering Haukåsen næringspark 690/24 og 690/25 - reviderte plandokument

Uttale til ny førespurnad om trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Statsforvaltaren hadde ved høyring, motsegn til forslag til detaljregulering for Haukåsen næringspark, der målsettinga med planarbeidet er å legge til rette for etablering av produsjonanlegg for hydrogen i Haukåsen næringspark. Motsegna var grunngjeve i manglande avklaring av verknadar for natur og miljø frå spillvatn frå hydrogenproduksjonen. Planframlegget har i etterkant vore gjennom revisjonsrundar og avklaringar. Nytt framlegg vart sendt frå plankonsulent Norconsult AS til statsforvaltaren for gjennomgang 11.11.2025.

Natur- og miljøvern

På bakgrunn av endringar lagt fram i oversending frå Norconsult av 11.11.2025, kan Statsforvaltaren **trekke motsegna** til framlegg Detaljregulering Haukåsen næringspark – gbnr. 690/24 og 25 – hydrogenanlegg. Endringane gjeld vilkår som sikrar at spillvatn med saltinnhald ikkje skal førast til Løkenbekken.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Pernille Ibsen Lervåg			
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	Postboks 2014	3103	TØNSBERG